

Arkivsaksnr: 2017/12020-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 21.12.2017

Skadefellingslaget i Nord Rogaland
v/ Arve Aarhus
Kvildalsvegen 664

4237 SULDALSOSEN

Rogaland Sau og Geit
v/ Magne Jacob Bjørheim
Ryfylkevegen 2708

4120 TAU

DELEGASJONSSAK RO 52/2017

**SVAR PÅ SØKNAD OM MOTORFERDSEL OG UTLEGGING AV ÅTE I SAMBAND MED
SKADEFELLING AV JERV I DYRAHEIO LANDSKAPSVERNOMRÅDE, SULDAL
KOMMUNE**

Viser til søknad datert 18.12.2017 om snøskutertransport i samband med utlegging og tilsyn med åter for jervejakt i Dyraheio landskapsvernområde. Forvaltningssekretariatet for Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Frafjordheiene har etter delegert mynde fatta det dette vedtaket 22.12.2017.

Med vennleg helsing

Alf Odden
Verneområdeforvaltar SVR

Brevet er godkjent elektronisk og sendast utan underskrift

Kopi

Suldal kommune, Fylkesmannen i Rogaland

Vedtak

I medhald av §48 i Naturmangfaldslova, får Rogaland Sau og Geit og Skadefellingslaget i Nord Rogaland ved fellingsleiar Arve Aarhus, løyve til å legge ut åte for skadefelling av jerv på to åteplassar i Dyraheio landskapsvernområde i Suldal kommune. Løyvet gjeld for lokalitetane Brudle og Grjotdalen slik dei er teikna inn på kartet som følgjar saksutgreiing og løyve.

I medhald av §48 i Naturmangfaldslova, får Skadefellingslaget i Nord Rogaland løyve til naudsynt motorferdsel med snøskuter til utlegging av åte, utsetting av viltkamera, drift av åtene, opprydding på åteplassane, samt transport av mannskap i samband med postering på åtene. Løyvet omfattar inntil 10 turar for kvar av åteplassane Brudle og Grjotdalen.

Løyvet omfattar og kjøring gjennom verneområdet for å komme til dei to åteplassane Fossen og Førrevassdammen. Løyvet gjeld for inntil 10 turar til kvar av dei to åteplassane.

Løyvet gjeld for tidsrommet 01.01-15.03.2018 og motorferdsle skal følgje kjørerutene slik dei er vist på kartet som følgjar saksutgreiinga. Etter 15.02.2018, gjeld løyvet motorferdsle i samband med eventuell opprydding på åteplassane.

Fellingsleiar skal føre kontroll med at talet på transportar ikkje overstig talet i løyvet. Fellingsleiar skal sende skriftleg rapport over talet gjennomførte snøskutertransportar til kvar åteplass til verneområdestyret innan 01.04.2018.

Løyve blir gitt med desse vilkåra:

- Talet på snøskutertransportar skal reduserast til eit absolutt minimum, og skal avgrensast til kjøring i samband med utlegging og tilsyn med åte og viltkamera, tekniske problem med viltkamera, opprydding på åteplassane, samt ved eventuell postering ved åte.
- Det må innhentast løyve til motorferdsle og utlegging av åte frå grunneigar.
- Det må innhentast naudsynt løyve til motorferdsle og utlegging av åte frå Suldal kommune.
- Utlegginga av åte skal skje etter Mattilsynet sine retningslinjer for bruk av åte til jakt
- Om det observerast villrein etter kjørerutene må snøskutertransportane avventast til fare for forstyrring er forbi.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er nok at klaga er postlagt innan denne fristen.

Skriftleg klage skal sendast til SVR, Postboks 24, 4748 Rysstad eller post@svr.no. Oppgjev kva for eit vedtak det vert klaga på, dei endringane klagar ynskjer og grunngjeving for klaga. Dersom det vert klaga så seint at det kan vere tvil om det er klaga i rett tid, må det opplysast når brevet kom fram.

Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad datert 18.12.2017, løyve til skadefelling av jerv frå Fylkesmannen i Rogaland datert 22.12.2017, vedtak i AU-sak 04/2015 (tilsvarande søknad for 2015) samt vedtak i delegasjonssak RO 21/2016 og 02/2017 (tilsvarande søknad for 2016 og 2017).

Rogaland Sau og Geit fekk 21.12.2017 skadefellingsløyve for jerv av Fylkesmannen i Rogaland. Løyvet gjeld for tidsrommet 01.01-15.02.2018, og omfattar utlegging av åte på inntil fire plassar i heiområda i Suldal og Hjelmeland kommunar. To av åteplassane ligg i Dyraheio landskapsvernområde, mens dei to andre har vanleg tilkomst gjennom verneområdet.

På bakgrunn av dette skadefellingsløyvet søker Rogaland Sau og Geit og Skadefellingslaget i Nord Rogaland, ved fellingsleiar Arve Aarhus, om løyve til 10 snøskutertransportar til kvar av dei fire åteplassane. Snøskutertransportane omfattar transport av åte og viltkamera, drift av åtene, samt transport av mannskap i samband med postering på åtene. Åteplassane er valt ut på grunnlag av jerven

sin områdebruk, mobildekning for overføring av bilete frå viltkamera og tilgang på husvære i nærleiken. Åteplassane er teikna inn på kart som følgjer søknaden.

Søknaden om motorferdsle gjeld fram til 15.03.2018 og omfattar i tillegg opprydding på åteplassane etter at skadefellingsløyvet har gått ut. Skadefellingslaget vil omfatte maksimalt 6-8 personar, og består av Ola Jordebrekk, Jacob Vetrhus, Kjell Ove Nærheim og Arve Aarhus, samt to-tre ikkje nemngjevne reserver.


Det er søkt om følgjande åteplassar i Dyraheio landskapsvernområde og motorferdsle etter desse kjørerutene:

- Åteplass 1. Brudle / Kaldevassleitet
Tilkomst frå Mostøl via Jonstøl og Salttjørndalen. Om lag 10 km av kjøreruta går innanfor verneområdet.
Tilkomst frå Mostøl via Krokavatnet og Brudle. Om lag 16 km av kjøreruta går innanfor verneområdet.
- Åteplass 2. Grjotdalen
Tilkomst frå Kjetilstadlio via Såta/Stranddalen og Krossvatn. Om lag 17 km av kjøreruta går innanfor verneområdet.
- Åteplass 3. Fossen (ligg utanfor verneområdet)
Tilkomst frå Kjetilstadlio via Såta/Stranddalen og Grasdalskora og vidare over Blåsjø. Om lag 17 km av kjøreruta går innanfor verneområdet.
- Åteplass 4. Førrevassdammen (ligg utanfor verneområdet)
Tilkomst frå Kjetilstadlio via Såta/Stranddalen og Grasdalskora og vidare over Blåsjø. Om lag 17 km av kjøreruta går innanfor verneområdet.

Bakgrunnen for søknaden om skadefelling og denne søknaden om motorferdsle, er dokumenterte tap av beitedyr til jerv gjennom fleire år. Det er opprette eit skadefellingslag som vil prøve å felle jerven. Skadefellingslaget består av lokale grunneigarar og Arve Aarhus frå Suldal er fellingsleiar. Skadefellingslaget vil stå for det praktiske med utlegging av åte og gjennomføringa av jakta. Utlegging av åte i verneområdet blir vurdert som ein viktig faktor dersom ein skal ha håp om ei vellukka jakt. I 2013 gav verneområdestyret løyve til utlegging av åte på tre plassar i Dyraheio landskapsvernområde, samt løyve til 20 snøskuterturar til kvar åteplass. I 2015 gav verneområdestyret løyve til utlegging av åte på tre plassar i Dyraheio landskapsvernområde og ein plass i Lusaheia landskapsvernområde, samt løyve til 10 snøskuterturar til kvar åteplass. I 2016 vart det gjeve eit tilsvarande løyve. I 2017 vart det gjeve løyve til to åteplassar i Dyraheio landskapsvernområde og tilkomst gjennom verneområdet for to andre åteplassar.

Omsøkte kjøreruter følgjer i all hovudsak etablerte kjøreruter som følgjer Stavanger turistforening eller Statkraft sine merka vinterruter i området.

Kart over åteplassar og kjøreruter



Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Dyraheio landskapsvernområde med biotopvern av 26.09.1997.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015.
- Naturmangfaldslova.

Heimelsgrunnlag

Dyraheio landskapsvernområde med biotopvern vart oppretta ved kongeleg resolusjon 26.09.1997. I kapittel III i verneføreskrifta heiter det at "Føremålet med landskapsvernet er å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, rikt planteliv med m.a. bergjunker, verdifulle stølsområde og beitelandskap, eldre og nyare kulturminne etter støling, heibeiting, jakt, fiske og fangst. Føremålet er

også å ta vare på viktige leveområde for viltet, spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa”.

Motorferdsle i verneområdet blir regulert av verneføreskrifta sitt kapittel kapittel IV, punkt 3.1. Her heiter det at *”Motorisert ferdsel i utmark og i vassdrag er forbode. Flyging lågare enn 300 m over bakken og landing er forbode”.* Så langt forvaltningsstyresmakta kan sjå, kjem heller ikkje det omsøkte tiltaket inn under nokre av punkta i verneføreskrifta sitt kapittel IV, punkt 3.2 eller kapittel IV, punkt 3.3. Dispensasjonssøknaden må derfor handsamast etter §48 Naturmangfaldslova.

§ 48 i naturmangfaldslova har to vilkår som begge må oppfyllest dersom ein skal kunne gi dispensasjon:

1. Tiltaket kan ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.
2. Tiltaket må ikkje vere i strid med formålet med vernet.

Miljødirektoratet understrekar at høvet til å gi dispensasjonar etter § 48 er snevert:

”Kravet om at tiltaket ikke skal påvirke verneverdiene nevneverdig innebærer at Dispensasjonsadgangen er snever. Det kan bare dispenseres i de tilfeller tiltaket vil ha ubetydelig eller begrenset virkning for verneverdiene. Dette kan være ved midlertidige eller forbigående forstyrrelser, eller enkeltstående aktiviteter eller tiltak”. (Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter. Miljødirektoratet 2014).

I rundskrivet heter det vidare at: *”I vurdering av om tiltaket eller aktiviteten er i strid med verneformålet, er betydningen for verneformålet både på kort og lang sikt relevant. Et tiltak eller en aktivitet kan være i strid med verneformålet dersom tiltaket eller aktiviteten på sikt eller over tid kan ha negativ innvirkning på verneformålet”.*

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Frafjordheiane landskapsvernområde. Verneområdestyret har i styresak 6/16, delegert avgjerdslemynde for dispensasjonssøknadar i kurante saker til verneområdeforvaltarane. I tråd med punkt 6.2 i vedtektene for verneområdestyret omfattar dette:

1. Saker etter verneforskriftenes spesifiserte dispensasjonsbestemmelser om ferdsel og motorferdsel.
2. Saker etter verneforskriftenes øvrige spesifiserte dispensasjonsbestemmelser og etter naturmangfoldloven § 48 der:
 - a) Det dreier seg om fornying av dispensasjon gitt av styret eller arbeidsutvalget, og forutsetningene er tilnærmet uendret.
 - b) Det foreligger etablert forvaltningspraksis fra saker behandlet av styret/AU i tilsvarende sak.
 - c) Forvaltningsplanen gir entydige føringer for utfallet.

Det ligg føre ein etablert forvaltningspraksis fastsett av verneområdestyrer/AU i denne saken.

Vurdering

Naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i § 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

Innverknad på verneverdiar og verneføremål

Dei omsøkte åteplassane ved Brudle og Grjotdalen ligg i eit ope høg fjellsterreng om lag 1100-1200 moh. Dei fleste kjørerutene vil gå i høg fjellsterreng 900-1200 moh.

Dei høgareliggende fjellområda i Dyraheio landskapsvernområde blir årvisst nytta av villreinen som vinterbeite. Resultata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011) dokumenterer at sju av dei åtte simlene som har nytta nordområdet, har vore i nærleiken av åteplassane ved Brudle og Grjotdalen, den tida dei hadde sender. Elles viser GPS-data frå www.dyreposisjoner.no at villreinen i

områda nord for Blåsjø, i hovudsak står aust for vasskiljet tidleg på vinteren. Dette blir og bekrefta av lokalt SNO personell. I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinens arealbruk i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010), ligg åteplassane ved Brudle og Grjotdalen innanfor område som er registrert som vinterbeite. I denne rapporten kjem det og fram at både åteplassane og skuterløypane kjem i kontakt med fleire registrerte villreintrekk.

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserar seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon (www.naturbase.no) og tilsvarande informasjon i Temakart Rogaland. Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjon om prioriterte arter, trua eller nær trua arter på Norsk rødliste for arter 2015 eller andre verdifulle arter. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalte naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk rødliste for naturtypar 2011 eller andre verdifulle naturtypar. Det er heller ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område.

Kunnskap om kulturminne i området baserar seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.askeladden.no). Her er det ikkje registrert kulturminne som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Ved dei omsøkte åteplassane er det svært få tekniske inngrep og svært lite anna ferdsla på denne tida av året. Når det gjeld dei aktuelle kjørerutene er det og svært lite anna ferdsla i januar og februar, og det er berre gjeve 0-6 andre motorferdslelyve på dei ulike strekningane. Omfanget av motorferdsla vil være størst lengst vest i verneområde langs Statkraft si kjørerute over Såta. Det står til saman tre turisthytter, to støler og to andre hytter etter dei aktuelle kjørerutene.

Utlekking av åte og den omsøkte motorferdsla i samband med dette vil verke forstyrrande på villreinen i område. Samstundes tydar villreinen sin vanlege områdebruk i januar og februar på at forstyrringane vil ha eit relativt avgrensa omfang og bli avgrensa til eit relativt kort tidsrom.

Sjølv om den omsøkte motorferdsla vil medføre ei sterk auke av motorferdsla i området, og såleis medføre ei auka belastning på naturmangfaldet. Vil den samla belastninga likevel være såpass avgrensa at den ikkje utgjer eit alvorleg trugsmål mot villreinstamma eller andre verneverdiar. Samstundes må forstyrringane av villrein avgrensast så mykje som råd. Derfor er det etter forvaltningsstyresmakta si vurdering naudsynt viktig å avgrense motorferdsla til etablerte kjøreruter. Det er og viktig at løyvet avgrensast til 15.03.2016 ettersom villreinen sin trekkaktivitet i dette området, normalt aukar i løpet av mars.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. I høve til transportbehovet som er skissert i søknaden, vurderer forvaltningsmyndigheita bruk av snøskuter som det beste alternativet. Opplegget for skadefellingsjakta verker å være godt gjennomtenkt, og forstyrringane av villrein er prøvd redusert ved at ein langt på veg nyttar etablerte snøskuterløyper og ein unngår å bruke åteplassar i dei mest sårbare områda.. Plasseringa av åte og viltkamera på stadar med mobildekning, vil og medføre at behovet for tilsyn med åta vil bli mindre.

Konklusjon

Den omsøkte motorferdsla vil ha ein viss forstyrrande effekt på villreinstamma i området og såleis til ein viss grad ha ein negativ innverknad på verneverdiane i Dyraheio landskapsvernområde. Talet på omsøkte snøskutertransportar og den totale belastninga frå motorferdsel i område er likevel såpass avgrensa at forstyrringane av villreinen tross alt blir så små at dei ikkje vil ha nemneverdig negativ innverknad på verneverdiane og ikkje være i strid med verneføremåla.